



REDESIGN AV LEKTOR- UTDANNINGA VED UIB: MODELL-UTKAST

RAPPORT 1 (2022) FRÅ PROSJEKTGRUPPE FOR
REDESIGN AV LEKTORUTDANNINGA

UNIVERSITETET I BERGEN



4. SPØRSMÅL TIL INNSPELS- RUNDEN

I innspelsrunden vil prosjektgruppa be om skriftleg tilbake-
melding på spørsmåla som er formulerte nedanfor. Spørsmål 1
og 20 er mest overordna. Spørsmål 2–19 går meir i detaljane.
Sidan det er mest utfordrande å få til ein modell for lektor-
utdanninga ved HF/SV, er mange spørsmål knytte til desse
fakulteta.

4.1 Overordna mål

Styringsgruppa har gjort følgjande vedtak om redesignprosessen: «*Dei overordna måla må vera å få til ei betre innplassering av praksis og å styrkja samanhengen mellom praksis og undervisninga i disiplinfag, didaktikk og pedagogikk.*»

Spørsmål 1. I kva grad vil dei ulike utkasta til modell for lektorutdanninga bidra til å nå det overordna målet for redesignprosessen?

4.2 Praksisperiodar i studieløpet

Prosjektgruppa føreslår ei endring frå fem til fire praksisperiodar. Praksisperiodane skal fordelast mellom 1., 3., 5. og 8. semester, med langpraksis i dei to siste periodane. I tillegg blir det føreslått kampusbaserte praksisperiodar på til saman 10 dagar.

Spørsmål 2. I kva vil denne fordelinga av praksisdagar kunne gi eit betre innplassering av praksis?

4.3 Fordeling av profesjonsfagemne

Prosjektgruppa føreslår at fagdidaktikk og pedagogikk held fram som eigne emne, og at dei blir fordelt på følgjande måte:

Semester	Profesjonsemne for MN	Profesjonsemne for HF og SV	Praksisdagar for MN, HF og SV
8. sem (vår)	<ul style="list-style-type: none"> 10 stp. pedagogikk 20 stp. fagdidaktikk 	<ul style="list-style-type: none"> 10 stp. pedagogikk 10 stp. fagdidaktikk (fag I) 	35 dagar
5. sem (haust)	<ul style="list-style-type: none"> 10 stp. pedagogikk 10 stp. fagdidaktikk/lektortilpassa emne 	<ul style="list-style-type: none"> 10 stp. pedagogikk 10 stp. fagdidaktikk (fag II) 	35 dagar
3. sem (haust)	<ul style="list-style-type: none"> 10 stp. fagdidaktikk/lektortilpassa emne 	<ul style="list-style-type: none"> 10 stp. fagdidaktikk (fag I) 	10 dagar
1. sem (haust)	<ul style="list-style-type: none"> 10 stp. pedagogikk 	<ul style="list-style-type: none"> 10 stp. pedagogikk 	10 dagar

Spørsmål 3. I kva grad vil framlegg til fordeling av profesjonsemne (pedagogikk og fagdidaktikk) bidra til å styrkje samanhengen mellom fagdidaktikk, pedagogikk, praksis og disiplinfag?

Spørsmål 4. Korleis stiller fagmiljøa ved HF og SV seg til å ha ei tilsvarande fordeling av profesjonsemne/lektortilpassa emne som ved MN?

4.4 Disiplinfaglege emne

Prosjektgruppa kjem med ulike modellar for fordeling av disiplinfag i studieløpet. Vi ber om synspunkt på fordelinga av disiplinfagemne i studieløpet.

Spørsmål 5: Korleis kan dei ulike utkasta til fordeling av disiplinfagemne i studieløpet bidra til å nå dei overordna måla med redesignprosessen?

Spørsmål 6: Korleis kan ein ved HF/SV eventuelt setje saman lektortilpassa emne på 10 studiepoeng (som samtidig er opne for studentar utanfor lektorprogramma)?

Spørsmål 7: Korleis kan ein gå fram for å takle disiplinfagemne i fag I og fag II i same semester?

Spørsmål 8: Korleis kan ein gå fram for å unngå dublering av disiplinfagemne?

4.5 Plassering av ex.phil. i femte semester

Fleirtalet i prosjektgruppa føreslår å flytte ex.phil. til femte semester (frå 6. semester for MN og frå 1. semester for HF/SV). Eit element i framlegget er at ex.phil. på denne måte blir organisatorisk tilrettelagt for lektorstudentar, og at femte semester dermed kan gjennomførast utan kollisjonar mellom undervisning og praksis.

Spørsmål 9: Kva er fordelane og ulempene ved å plassere ex.phil. i femte semester for lektorutdanninga, ut frå modellutkasta?

4.6 Førstesemesteremne

Prosjektgruppa kjem med framlegg om å innføre innføringemne i fag I og fag II i førstesemesteret for lektorstudentar ved HF/SV.

Spørsmål 13: Bør det for HF/SV vere innføringsemne i fag I og fag II i førstesemester?

Spørsmål 14: I kva grad vil disiplinaglege innføringsemne gi nødvendige førkunnskapar for å gjennomføre lektorutdanninga?

4.7 Frie studiepoeng

Prosjektgruppa føreslår at det for MN blir brukt 10 frie studiepoeng på eit lektortilpassa emne. Gruppa opnar samtidig gjennom modellutkasta for at eit slikt emne kan vere aktuelt òg for HF/SV, primært i 8. semester, bl.a. for å unngå kollisjonar mellom praksis og undervisning på kampus.

Spørsmål 15: I kva grad og på kva måte kan eit slikt lektortilpassa emne, basert på frie studiepoeng, vere aktuelt for lektorprogramma ved HF/SV i 8. semester?

4.8 Masteroppgåve

I dag skriv lektorstudentane ei masteroppgåve på 30 studiepoeng ved MN, medan dei skriv masteroppgåve på 60 studiepoeng på HF/SV.

Spørsmål 16: Kor stort omfang bør masteroppgåva ha?

Spørsmål 17: Korleis kan behovet for brei innføring i metode, teori og prosjektutvikling bli teken vare på med ei masteroppgåve på 60 studiepoeng?

Spørsmål 18: Bør omfanget av masteroppgåva gjerast valfri for studentane? Korleis kan ein eventuell valfridom handterast?

4.8 Utanlandsopphald

Studentane skal ha moglegheit for å reise på utveksling i utlandet i løpet av studieperioden.

Spørsmål 19: I kva for semester vil det vere best å leggje til rette for at studentane kan reise på utveksling, ut frå dei ulike modellutkasta?

4.9 Val av modell

Spørsmål 20: Kva for modellutkast vil vere best? Korleis kan modellutkastet eventuelt gjerast endå betre?

